

# Kvam Energi AS

ÅRSmelding 2019





Foto: FjordMoods Photography

# Året 2019

Eg vil fyrst få takka alle tilsette for god innsats gjennom året. Eit godt arbeidsmiljø og kvar enkelt sitt bidrag og engasjement er nøkkelen til at me saman klarar å skapa gode resultat.

I skrivande stund er me alle påverka av den pågående koronasituasjonen. I første kvartal av 2020 vart verden og Norge råka av korona-pandemien. Ein stor del av næringslivet har vorte påverka, og arbeidsløyse som følgje av permitteringar har auka dramatisk. Me har eit særskilt ansvar for kraftforsyninga i vårt område, og har difor sett i verk ei rekke tiltak for å hindre smittespreiing, og for at me ikkje skal koma opp i ein krevjande mannskapssituasjon. Pr i dag er det tilnærma normal drift og aktivitetsnivå. Eg vil retta ein takk til alle tilsette for innsatsen i denne situasjonen me er midt oppi.

Kvam Energi er ei viktig lokal samfunnsbedrift som har ansvar for å levera samfunnskritiske tenester i Kvam. Me har stor fokus på kvalitet og leveringssikkerheit. I tillegg er me ein stor arbeidsplass og ei aktiv lærebodrift. Verksemda

bidreg monaleg til den lokale verdiskapinga gjennom kjøp av varer og tenester.

Arbeidet med etablering av selskapsmessig skille og innføring av konsernstruktur har teke mykje tid i året som gjekk. Det har vore viktig å finna ei god og kostnadseffektiv løysing som gjer at me også etter omorganiseringa leverer gode resultat og tenester av høg kvalitet. Omorganiseringa er lovpålagd. Første steg i prosessen vart gjennomført den 27. september 2019 med skipinga av Kvam Energi AS som morselskap i den nye selskapsstrukturen. Etableringa av selskapsmessig skille vil verta gjennomført med rekneskapsmessig verknad frå 1. januar 2020. Kvam Kraftverk AS og Kvam Energi Nett AS er heileigd datterselskap av Kvam Energi AS.

Bygginga av nye Skulafossen kraftstasjon har pågått for fullt i 2019. Arbeidet har gått etter planen. Den gamle kraftstasjonen har produsert som normalt. Dette har gjort at forsyningstryggleiken i straumnettet ikkje har vorten svekka, og me har unngått eit stort inntektstap.

2019 var første heile driftsåret med automatiske straummålarar. Erfaringane er gode, og systemet er arbeidsbesparande. I mars 2019 kom Elhub på drift, og våre system og rutiner måtte tilpassast for dette. Kompetente medarbeidarar og godt samarbeid gjorde at innføringa vart vellukka.

Nettverksemda er ei monopolverksemd som er strengt regulert av myndighetene. Selskapet har ei bevisst haldning til leveransetryggleik og risiko. Samstundes er det viktig å halde eit kostnadsnivå på linje med andre nettverksemder i landet.

Langsiktig og målretta arbeid med kontinuerleg fornying og utskifting av eldre nettkomponentar har gjort at me i dag har eit godt straumnett med høg oppetid. I tillegg bidreg kompetente og motiverte medarbeidarar med god lokalkunnskap til at feilrettingstida er låg. Dette er eigenskapar det er viktig å ta vare på og vidareutvikla når nettverksemda vert skilt ut som eige selskap i konsernet.



Arne Tillung  
Adm. direktør

# INNHOLD

Året 2019	2
Årsmelding frå styret	4
Resultatrekneskap	10
Balanse	11
Kontantstraumoppstilling	13
Notar til rekneskapen	14
Deloitte	25
Nøkkeltal	26

# Årsmelding frå styret 2019

## Kvam Energi AS

Kvam Energi AS er heileigd av Kvam herad, og er morselskap i konsernet Kvam Energi AS. Selskapet vart skipa 27. september 2019 i samband med omorganisering til konsernstruktur for Kvam Kraftverk AS. Etableringa skal gjennomførast med rekneskapsmessig og skattemessig kontinuitet i 2020. I tillegg til å eige aksjar i datterselskapet Kvam Energi Nett AS og Kvam Kraftverk AS, skal morselskapet levera fellestenester som administrasjon, økonomi, IT, HR og kundetenester til datterselskapet.

### ØKONOMI

Det er utarbeida konsernrekneskap for selskapet. Dette dekker perioden frå selskapet vart skipa 27. september 2019 og fram til nyttår. Selskapet har ikkje hatt tilsette eller driftsinntekter i året. Finansinntektene var på 7,1 mill. kroner og skriv seg frå utbyte frå Kvam Kraftverk AS.

### VIDARE DRIFT

Styret stadfestar at rekneskapen for 2019, med vurdering av soliditet og inntening, gjev godt grunnlag for vidare drift av verksemda.

## Kvam Energi Nett AS

Kvam Energi Nett AS er eit heileigd datterselskap av Kvam Energi AS. Selskapet var skipa 16. oktober 2019 i samband med omorganisering til

konsernstruktur for Kvam Kraftverk AS. Kvam Energi Nett AS er skipa med formål om å overta nettverksemda frå Kvam Kraftverk AS når innføringa av selskapsmessig skille og etablering av konsernstruktur vert gjennomført i 2020.

Selskapet har ikkje hatt tilsette i løpet av året, og berre noko lite i omsetnad i tilknyting til skipinga av selskapet.

## Kvam Kraftverk AS

I samband med innføring av selskapsmessig skille og etablering av konsernstruktur, vart eigarskapet til selskapet overført frå Kvam herad til Kvam Energi AS frå 27. september 2019.

Selskapet har i 2019 drive nettverksemde, kraftomsetnad, vasskraftproduksjon, utbygging og drift av fibernet, samt noko anna sekundær verksemde. Verksemda vart skipa i 1913 og omdanna til aksjeselskap i 1998.

Nettverksemda vil verta utfisjonert i 2020 i samband med innføring av selskapsmessig skille og etablering av konsernstruktur.

### ØKONOMI I KVAM KRAFTVERK AS

Driftsrekneskapen viser eit resultat før finans og skatt på 19,722 mill. kroner. Dette gjev eit driftsresultat på 13,5 prosent. Resultat etter skatt vart 10,171 mill. kroner.

Resultatet av drifta fordeler seg slik (i tusen kroner):

Kraftomsetnad	2 883
Produksjon	11 818
Nettverksemde	3 365
Fibernet	- 192
Sekundærverksemde	1 849
Driftsresultat	19 722

Netto finanskostnader	5 999
Ordinært resultat før skatt	13 722
Skatt på ordinært resultat	3 552
Resultat i året etter skatt	10 171

Omsetnaden i året enda på 145,97 mill. kroner mot 148,99 mill. kroner i 2018. Reduksjonen skuldast mindre nedbør og lågare produksjon enn det som ein kunne forvente, samanlikna med føregåande år.

Området kraftomsetnad fekk i 2019 eit driftsresultat på 2,883 mill. kroner. Dette er ei stor forbetring samanlikna med 2018, og skuldast eit meir stabilt nivå på prisutviklinga av kraft gjennom året.

Nettverksemda fekk eit driftsresultat på 3,365 mill. kroner i 2019. Dette er noko svakare enn sist år og skuldast i hovudsak meir bruk arbeidstimar på drift i forhold til investeringar. Meirinntekt utgjorde om lag 4,0 mill. kroner.

Driftsresultatet for kraftproduksjonen

enda på 11,818 mill. kroner i 2019. Dette er om lag 3,8 mill. kroner lågare enn i 2018, og skuldast mindre nedbør og lågare tilsig. Produksjonsmengda var om lag 11,5 GWh under 10 års middelen.

I samråd med revisor er det er gjort ei lønsemendsvurdering av det heileigde datterselskapet Sekkelva Kraftverk AS. Ut frå berekna produksjonsvolum og forventningar til framtidige kraft- og elsertifikatprisar vert den verkelege verdien estimert til 10,5 mill. kroner pr. 31.12.2019. Differansen mellom bokførd verdi og estimert verkeleg verdi utgjer kr. 1 569 232, og er ført til nedskriving i selskapet. Dette slår kraftig ut og medfører at driftsresultatet for Sekkelva ender på minus 1.612 mill. kroner, og resultatet etter skatt på minus 1,486 mill. kroner.

Fibernettverksemda fekk eit driftsresultat på -0,192 mill. kroner i 2019. Sjølv om talet er negativt, og såleis ikkje tilfredsstillande, er det likevel ei klar betring i høve 2018. Hovudårsaken til at drifta for fiberverksemda er såpass økonomisk krevjande, er høgare driftskostnader som i vesentlig grad er knytt til omleggingar som følgje av ulike vegprosjekt.

Sekundærverksemda inneheld ulike typar arbeid for andre, så som veglys, service på tidligare leverte varmepumper og fellesføringar. Samla fekk dette forretningsområdet eit driftsresultat på 1,849 mill. kroner i 2019. Dette er betydelig betre enn tidligare år og skuldast i hovudsak etterslep på leigeinntekter for varmeanlegg ved Strandebarm skule. For Kvam Kraftverk AS var totalkapitalen ved utgangen av året på 323,5 mill. kroner, mot 304,9 mill. kroner førre år. Eigenkapitalen utgjorde 39,2 prosent, som er ein

reduksjon på 1,9 % samanlikna med utgangen av 2018.

Selskapet sin soliditet er i dag tilfredsstillande og på nivå med tilsvarande verksemder. Verksemda har i 2019 gjennomført store investeringar og vil også, etter planen, gjennomføre store investeringar dei nærmaste åra. Viktig i så måte er ferdigstillinga av nye Skulafossen Kraftstasjon hausten 2020. Trass nedskrivinga av verdiane i Sekkelva er styret er nøgd med resultatet for året, og vil føreslå eit utbyte til eigar på 7,1 mill. kroner for 2019.

#### **NETTVERKSEMD**

Kvam Kraftverk sitt konsesjonsområde for distribusjon ligg innanfor Kvam herad sine grenser.

Ved utgangen av året hadde verksemda 251 km høgspentnett og 401 fordelingstransformatorar. I 2019 vart det bygt 2 km med nytt høgspent kabelnett. Høgspent luftnett er uendra. Det er montert og sett i drift 4 nye nettstasjonar. Ved utgangen av året var det i alt 654 km lågspentnett, ein auke på 4 km frå 2018.

Nokre av dei større prosjekta i 2019 har vore:

- Utskifting og flytting av nettstasjon 31 Øysteselandet.
- Utskifting av trafo Trondabrekko og Kviasletta.
- Ny nettstasjon og flytting av høgspentkabler på utvida industriområde i Sandvenhagen.
- Ferdigstilling av høgspentlinje Ålvik-Ytre Ålvik (1.5km i 2019).
- Ny nettstasjon på Laupsaneset og på Ljones (for smolt anlegg).
- Flytting av 22kV høgspentlinje på Neteland, grunna ny kraftstasjon.
- Forsterking på lågspentnett.
- Planlegging og høgspentkabel

framføring til Tørvikbygd ferjekai – til lading av el-ferje.

- Planlegging av ny høgspentlinje til Kjepso.
- Utskifting av eldre gatelys til led-belysning langs kommunale og fylkeskommunale vegar i Kvam.
- Omlegging av høgspentnett i Øystese ved Gropaflyten.
- Framføring av høgspentnett, ny nettstasjon og lågspentnett for Tryglakleiv hyttefelt på Kvamskogen.

Det har i 2019 vore arbeidd med integrasjon mellom fagsystem, målarfunksjonalitet, og drift av dei nye automatiske straummålarane.

Det ligg krav til leveringsnøyaktigkeit på mellom anna klokkeslett, verdiar ovanfor bransjen, og Elhub. Det er eit pågående arbeid med å forsterka radionettet, og sikra redundans for måleverdiinnsamling.

Også i 2019 har det vorte arbeida med installasjon av nye AMS målarar. Dette har i hovudsak vore til kundar og anlegg som har vore vanskelege å få avtale med tidlegare. Det står fortsatt att å skifte målarar hjå kundar som har søkt om fritak, eller har nekta av uviss grunn. Målet er å få dette gjort i løpet av 2020.

#### **BEREDSKAP OG FORSYNINGSTTRYGGLIKA PÅ STRAUMNETTET**

Kvam Kraftverk har til ei kvar tid minst to personar i beredskapsvakt for straumnettet. Ved varsel om krevjande værsituasjonar vert risikoreduserande tiltak som utkalling av ekstra mannskap i vaktstyrken, vurdert løpende.

Det har vore nokre hendingar i 2019, men ingen alvorlege. Følgjande kan nemnast:

- 12 mars: Utfall på 22 kV linja mellom Norheimsund trafostasjon og



Eikedalen som følgje av isolatorfeil etter tung snø og regn/vind.

- 12 og 27 juni: Grunna ein feil på Statnett sin 132 kV transformator i Børddalen, vart Kvam i ein periode på vel ein månad einsidig forsynt med straum fra Bjølvø kraftverk i Ålvik. I løpet av denne perioden oppstod det to gonger feil i kraftstasjonen som forårsaka straumutfall i heile Kvam (bortsett fra Ålvik).
- 30 juli – utfall i Øystese og på Kvamskogen grunna lyn og torden. Fleire transformatorar måtte skiftast.
- 14 november – utfall på 22 kV Norheimsund - Tørvikbygd. (Uhell med tømmervogn)
- 28 desember – utfall på 22 kV linje mellom Norheimsund –Kvamskogen grunna snø som fraus på linjene.

Alle beredskaps- og feilsituasjonar på straumnettet har også i 2019 vorte handsama på ein god og effektiv måte.

## INNTEKSRAMME FOR NETTVERKSEMDA

Nettinntektene er fastlagde av ei

inntektsramme frå Noregs vassdrags- og energidirektorat (NVE). I tillegg kjem nettleige kostnader til overliggende nett og eigedomsskatt på nettverksemda.

I 2019 var inntektsramma på 40,2 mill. kroner. Eigedomsskatten var på 1,6 mill. kroner, fjerning av tidsetterslep investeringar på 0,2 mill. kroner og kostnader til overliggende nett på 10,7 mill. kroner. Kostnad med KILE vert trekt i frå og utgjorde 1,0 mill. kroner. Totalt tilleten nettinntekt vart då 51,3 mill. kroner. Faktisk inntekt frå nettleigetariffane og andre nettinntekter vart på 55,3 mill. kroner. Dette gjev ei meirinntekt i året på 4,0 mill. Dette vert lagt til meirinntekta frå tidlegare år på kr 0,8 mill. kroner. Berekna meirinntekt ved utgangen av 2019 var på om lag 4,8 mill. kroner.

## DET LOKALE ELTILSYN (DLE)

Kvam Kraftverk utfører el-tilsyn i forsyningsområdet. Dette omfattar fysisk kontroll av elektriske anlegg, revisjon av elektroentrepreneurar, samt opplæring og informasjon

om eltryggleik til mellom anna skuleklassar, pensjonistar, Kvam vaksenopplæring og heimehjelpa. Ein yter også hjelpe til politiet i brannetterforskning.

I 2019 vart det til saman gjennomført 362 verifikasjonar/tilsyn i privathus, hytter, næringsbygg o.a. Samarbeidsprosjektet om lokalt brannførebyggjande arbeid, med Brannvernet i Kvam, heimehjelpa, Kvam herad og DLE vart og vidareført i 2019. Dette prosjektet er for å nå fram til ekstra utsette brukargrupper.

Ressursbruk knytt til DLE utgjorde 1,5 årsverk ved Kvam Kraftverk i 2019.

## KRAFTPRODUKSJON

Kvam Kraftverk eig og driv to kraftstasjonar i Kvam, Kaldestad kraftstasjon i Norheimsund og Skulafossen kraftstasjon i Strandebarm. Samla kraftproduksjon var i 2019 på 43,5 GWh.

1,3 GWh vart levert som konsesjonskraft til Kvam herad, og

resten vart seld i marknaden til 16,3 mill. kroner. Gjennomsnittleg elspotpris for produksjonen var på 38,7 øre/kWh i 2019.

Samla magasinfulling 1. januar 2019 var på 5,4 GWh (53,3 %). Ved utgangen av året var magasinfullingen på 7,4 GWh (72,1 %).

Sekkelva Kraftverk er eit heileigd datterselskap av Kvam Kraftverk. Om lag 1,2 GWh rein fornybar energi vart produsert i 2019. Prisane ein oppnådde i 2018 vart 34,8 øre/kWh for kraft, og 5,4 øre/kWh for elsertifikat.

Arbeidet med bygginga av nye Skulafossen kraftstasjon har pågått for fullt i 2019. Den nye kraftstasjonen skal etter planen stå ferdig på ettersommaren i 2020.

## KRAFTOMSETNAD

Målsetjing og styringsdokument for kraftomsetnad er "Marknadsplan 2019-2020" og "Risikopolicy for Kvam Kraftverk AS". Totalt kraftsal i 2019 var 122,5 GWh mot 131,3 GWh i 2018. Av dette vart 13,2 GWh levert til kundar i andre nettområde. I eit normalår leverer Kvam Kraftverk mellom 135-145 GWh.

Marknadsandelen i eige nettområde målt i tal kontraktar var 72 % i 2019. Tal på kontraktar i andre nettområde har vore stabilt i 2019. Av kraftomsetnaden vart 19,5 GWh produsert i dei lokale småkraftverka, 43,5 GWh vart produsert i eigne kraftverk, og dei resterande 59,5 GWh vart kjøpt inn eksternt.

## FIBERNETT VERKSEMD

Verksemda sitt fibernet vert sett saman av stamnett, hovudnett, fiberaksessar og nodestasjonar som knyter det digitale nettet saman til ein fiberinfrastruktur.

Fibernet vert leigd ut til Kvam herad, Kvamnet, BKK Fiber, NextGenTel, Bergen Fiber og Broadnet. Alle bortsett frå Kvamnet leiger lys fiber. Kvam Kraftverk er oppteken av at fibernettet tilfredsstiller høge krav til kvalitet og opptid.

Brukane av fibernettet er både verksemder og private. Fibersamband vert også nytta til styring og overvaking av straumnettet, vassforsyningsanlegg, bygg og tekniske installasjoner.

## ANNA VERKSEMDE

Også i 2019 har Kvam Kraftverk utført noko inntektsskapande konsulent- og entreprenørarbeid.

Kvam Kraftverk driftar og vedlikeheld alt vegljos for Kvam herad.

## PERSONELL, ARBEIDSMILJØ OG TRYGGLEIK

Kvam Kraftverk hadde 31 fast tilsette fordelt på 31 årsverk ved årsskiftet. Av desse var 3 kvinner og 28 menn. I tillegg har ein to lærlingar i montørfaget. Styret er samansett av 2 kvinner og 3 menn. Både styret og administrasjonen er medvetne samfunnet sine krav om å fremja

likestilling i verksemda.

Samla sjukefråvær i 2019 var på 5,9 %. Av dette utgjorde langtidssjukemeldingar 3,5 %. Verksemda har som målsetjing at sjukefråværsprosenten skal vera under 3 %.

Det har ikkje vore arbeidsskadar som har ført til sjukefråvær i 2019.

Lovpålagde tryggleiks- og førstehjelpskurs har vore gjennomførte for driftspersonalet. Alle tilsette ved Kvam Kraftverk er tilslutta bedriftshelsetenesta «Bedriftshelse1». Arbeidsmiljøet ved verksemda vert sett på som godt.


## YTRE MILJØ

Det har ikkje vore uhell eller hendingar i 2019 som har ført til utslepp eller skadar på det ytre miljøet.

## SAMFUNNSBEDRIFT

Kvam Kraftverk er ei viktig lokal samfunnsbedrift som har ansvar for å levera samfunnskritiske tenester i Kvam. Me har stor fokus på kvalitet og leveringssikkerheit. I tillegg er me ein stor arbeidsplass og ei aktiv





lærebedrift. Kvam Kraftverk bidreg monaleg til den lokale verdiskapinga gjennom kjøp av varer og tenester.

#### FRAMTIDSUTSIKTER

Strategiplanen dannar grunnlag for korleis Kvam Kraftverk skal driva og utvikla forretningsverksemda si i åra framover. Ei endring i energilova som kom i 2017, gjer at Kvam Kraftverk må etablera selskapsmessig skilje av verksemdsområda innan 2021. Kvam Kraftverk kjem til å gjennomføra tilpassinga med rekneskapsmessig verknad frå 1. januar 2020, og selskapsmessig verknad frå 1. april 2020.

Kraftproduksjon vil framleis stå for ein stor del av overskotet i verksemda. Det er difor viktig å sikra produksjonsmidlane. Arbeidet med fornyinga av Skulafossen kraftstasjon som starta i 2018 er viktig i så måte. Både Kaldestad- og Skulafossen kraftstasjon har reguleringssmagasin og inngår i Kvam Kraftverk sin beredskap for straumforsyningstryggleiken i

nettområdet.

Den lovpålagde innføringa av AMS (avansert målesystem) i konsesjonsområdet vart i all hovudsak gjennomført i 2018. Dette har letta arbeidet med avrekninga av straum. I tillegg forventar ein at systemet vil gi ein vinst i forhold til dimensjonering av nye nettanlegg og ved handsaming av beredskapssituasjonar.

Kvam Kraftverk har etter kvart ein godt utbygd fiberinfrastruktur i Kvam. Ein forventar difor at investeringane i nye områder vert kraftig redusert i løpet av få år.

Kvam Kraftverk har som målsetjing at distribusjonsnettet skal vera optimalt med tanke på kvalitet, teknikk og økonomi. Dette medfører kontinuerlege tiltak og investeringar som reduserer tap i fordelingsnettet.

#### KOMANDE INVESTERINGAR

Kvam Kraftverk har i 2019 brukt betydelige midlar på investeringar.

Den største enkeltposten er nye Skulafossen kraftstasjon med om lag 16,7 mill. kroner. Rammene for denne investeringa er på 47,5 mill. kr. Det gjenstår om lag 27,5 mill. kr. av ramma som vil verta brukt ved ferdigstillinga i 2020.

I 2019 har det også vorte investert om lag 2,9 mill. kroner til sluttføringar av den lovpålagde innføringa av AMS i konsesjonsområdet. Dei samla investeringane i 2019 enda på om lag 37 mill. kr.

Det er forventa ei høgt investeringsnivå også i 2020. Utover ferdigstillinga av Nye Skulafossen er det planlagt nødvendige investeringar på straumnettet, i størrelsesorden 12,3 mill. kroner, og innanfor fiberverksemda med 3,8 mill. kroner. Nye Skulafossen er fullfinansiert med lån, medan øvrige investeringar etter planen skal dekkast over drift, eller ved finansiering internt i konsernet.

#### FINANSIELL RISIKO

Verksemda har måltal for kor mykje

likviditetsreserve (arbeidskapital) som skal vera tilgjengeleg til ei kvar tid. Risikoeksponeringa skal vera middels i høve til moglege tap.

Verksemda har stengerett på anlegg dersom nettleige ikkje vert betalt i tide, noko som gir låg eksponering i høve til kreditrisiko. For andre krav har ein ikkje tilsvarende verkemidlar og verksemda har etablert interne styringsreglar som avgrensar kreditrisikoen knytt til desse krava.

Kvam Kraftverk har ein vesentleg renterisiko knytt til pantelån. Dette gjer at ein har etablert renteswap-avtalar som for tida utgjer 20 prosent av den langsiktige gjelda.

Valutarisikoen for verksemda er først og fremst knytt til eventuell handel av kraft og elsertifikat i framand valuta, samt generelle innkjøp frå utlandet. Valutarisiko gjennom kraftmarknaden er minimert gjennom avtale med Fjordkraft som handsamar kjøp og sal av kraft for verksemda. Oppgjer mellom Kvam Kraftverk og Fjordkraft vert gjort i norske kroner.

Pris- og volumrisiko er sterkt til stades under verksemdsområda kraftomsetnad og kraftproduksjon. Det er etablert risikopolicy og rutinar for å minimera både pris- og volumrisiko knytt til dei ulike kraftavtalane til sluttbrukarar. Innkjøp av kraft for vidaresal til sluttbrukarar går gjennom alliansepartnar Fjordkraft, småkraftprodusentar og frå eigen produksjon av kraft.

Prisrisiko knytt til kraftproduksjon kan handsamast gjennom prissikring av inntil 50 prosent av normal produksjon i inneverande kalenderår, og fram til utgangen av neste kalenderår. Prissikringa kan overstiga 50 prosent i periodar av året, men skal i snitt ikkje overstiga denne grensa.

#### **KORONA**

I første kvartal av 2020 vart verden og Norge råka av korona-pandemien. Ein stor del av næringslivet har vorte nedstengt, og arbeidsløysa som følgje av permitteringar har auka dramatisk.

Kraftforsyning er ein samfunnskritisk funksjon og konsernet føl myndighetene og folkehelseinstituttet

sine anbefalingar. Det er sett i verk ein rekke tiltak for å hindre smittespreiing. Pr i dag er det tilnærma normal drift og aktivitetsnivå. Koronasituasjonen som pågår kan påverka konsernet og selskapa gjennom reduserte inntekter og kundar som får betalingsvanskar. Likviditeten kan verta svekka.

Leiinga og styret føl utviklinga tett og vurderer både noverande og komande konsekvensar for selskapa i konsernet og for drifta.

#### **DISPONERING AV OVERSKOTET I KVAM ENERGI AS**

Styret føreslår at overskotet for 2019 vert disponert slik:

Føreslege utbytte	kr	7 100 000
Overført frå overkurs	kr	-270
<b>Sum overføringer</b>	<b>kr</b>	<b>7 099 730</b>

Norheimsund den 8. mai 2020



Gunnar Skeie  
Styrelseiar




Ingrid Heradstveit Guddal  
Nestleiar



Merete Salvesen Wallevik  
Styremedlem



Vidar Riber  
Styremedlem



Gunnar Mundheim  
Tilsett valgt styremedlem



Arne Tillung  
Adm. direktør

# Resultatrekneskap

<b>MOR</b>			<b>KONSERN</b>
<b>27.9.-31.12.2019</b>	<b>NOTAR</b>	<b>DRIFTSINNTEKTER OG DRIFTSTKOSTNADER</b>	<b>27.9.-31.12.2019</b>
0	1, 10	Energisal	20 621 455
0	1, 12	Inntekter overføring	13 029 305
0	1	Andre driftsinntekter	3 832 423
0		Sum driftsinntekter	37 483 183
		Aktivering investeringsarbeid	-1 541 582
0	1	Energikjøp	16 529 551
0	1	Overføringstenester	2 741 772
0	1, 2, 7	Lønskostnader	7 516 573
0	4	Ordinær avskrivning	2 826 153
0	4	Nedskrivning	1 569 232
0	1, 2, 3	Annan driftskostnad	3 620 026
0		Sum driftskostnader	33 261 725
<b>0</b>		<b>Driftsresultat</b>	<b>4 221 458</b>
		<b>FINANSINNTEKTER OG FINANSKOSTNADER</b>	
7 100 000		Inntekt på investering i datterselskap	0
0		Renteinntekt	73 764
270		Rentekostnad	1 089 964
7 099 730		Resultat av finanspostar	-1 016 200
<b>7 099 730</b>		<b>Ordinært resultat før skattekostnad</b>	<b>3 205 259</b>
0	9	<b>Skattekostnad på ordinært resultat</b>	<b>-835 834</b>
<b>7 099 730</b>		<b>Resultat i året</b>	<b>2 369 425</b>
		<b>OVERFØRINGAR</b>	
7 100 000		Foreslått utbyte	7 100 000
-270		Overført frå overkurs	-4 730 576
<b>7 099 730</b>		<b>Sum overføringar</b>	<b>2 369 425</b>

# Balanse per 31. desember

MOR 2019	NOTAR	EIGA	KONSERN 2019
<b>Anleggsmidlar</b>			
<b>Immateriell eiga</b>			
0	9	Utsett skattefordel	1 977 533
0		Sum immateriell eiga	1 977 533
<b>Varige driftsmidlar</b>			
0	4	Tomter og boligeigedomar, kraftanlegg	252 874 464
0	4	Maskiner, transportmidlar og inventar	28 166 091
0		Sum varige driftsmidlar	281 040 555
<b>Finansielle anleggsmidlar</b>			
133 161 000	14	Investeringar i datterselskap	0
0		Langsiktige krav	297 656
0	14	Investeringar i aksjar og andelar	2 169 927
0	7	Pensjonsmidlar	3 440 498
133 161 000		Sum finansielle anleggsmidlar	5 908 081
<b>133 161 000</b>		<b>Sum anleggsmidlar</b>	<b>288 926 169</b>
<b>Omlaupsmidlar</b>			
0		Materiallager	4 135 475
<b>Fordringar</b>			
0		Kundefordringar	29 223 216
7 100 000	16	Fordring på konsernselskap	0
0		Andre fordringar	5 715 508
7 100 000		Sum fordringar	34 938 725
0	13	Bankinnskot, kontantar o.l.	3 390 864
<b>7 100 000</b>		<b>Sum omlaupsmidlar</b>	<b>42 465 064</b>
<b>140 261 000</b>		<b>SUM EIGA</b>	<b>331 391 230</b>

# Balanse per 31. desember

MOR 2019	NOTAR	EIGENKAPITAL OG GJELD	KONSERN 2019
<b>Eigenkapital</b>			
<b>Innskoten eigenkapital</b>			
10 000 000	5, 6	Aksjekapital	10 000 000
123 125 030	6	Overkursfond	118 389 025
133 125 030		Sum innskoten eigenkapital	128 389 025
<b>133 125 030</b>		<b>Sum eigenkapital</b>	<b>128 389 025</b>
<b>Gjeld</b>			
<b>Avsetjing for forpliktingar</b>			
0		Andre avsetjingar for forpliktingar	894 000
0		Sum avsetjing for forpliktingar	894 000
<b>Anna langsiktig gjeld</b>			
0	8, 15	Gjeld til kredittinstitusjonar	129 749 870
0		Sum anna langsiktig gjeld	129 749 870
<b>Kortsiktig gjeld</b>			
270		Gjeld til kredittinstitusjonar	21 693 996
0		Leverandørgjeld	15 200 850
0	9	Betalbar skatt	2 485 515
0		Skuldige offentlege avgifter	12 252 885
7 100 000		Utbyte	7 100 000
35 700		Gjeld til konsernselskap	0
0		Annan kortsiktig gjeld	13 625 089
7 135 970		Sum kortsiktig gjeld	72 358 335
<b>7 135 970</b>		<b>Sum gjeld</b>	<b>203 002 205</b>
<b>140 261 000</b>		<b>SUM EIGENKAPITAL OG GJELD</b>	<b>331 391 230</b>

Norheimsund den 8. mai 2020

Gunnar Skeie  
Styrelseiar

Ingrid Heradstveit Guddal  
Nestleiar

Merete Salvesen Wallevik  
Styremedlem

Vidar Riber  
Styremedlem

Gunnar Mundheim  
Tilsett valgt styremedlem

Arne Tillung  
Adm. direktør

# Kontantstraumoppstilling

MOR		KONSERN
2019	KONTANTSTRAUM FRÅ OPERASJONELLE AKTIVITETAR	2019
7 099 730	Ordinært resultat før skattekostnad	3 205 258
0	Betalt skatt i perioden	-2 971 052
0	Ordinære avskrivningar/nedskrivningar	4 395 385
0	Pensjonskostnad utan kontanteffekt	50 504
-7 064 300	Endring i konsernmellomværender	0
0	Endring i varer	-167 475
0	Endring i kundekrav	-6 929 275
0	Endring i leverandørgjeld	10 890 850
-5 700	Endring i andre omlaupsmidlar og andre gjeldspostar	1 134 345
<b>29 730</b>	<b>Netto kontantstraum frå operasjonelle aktivitetar</b>	<b>9 608 540</b>
<b>KONTANTSTRAUM FRÅ INVESTERINGSAKTIVITETAR</b>		
0	Utbetalinger ved kjøp av varige driftsmidlar	-8 584 697
-30 000	Utbetalinger ved kjøp av aksjar	0
0	Utbetalinger ved kjøp av finansielle anleggsmidlar	-175 927
<b>-30 000</b>	<b>Netto kontantstraum frå investeringaktivitetar</b>	<b>-8 760 624</b>
<b>KONTANTSTRAUM FRÅ FINANSIERINGSAKTIVITETAR</b>		
0	Utbetalinger ved nedbetaling av langsiktig gjeld	-15 762 560
270	Netto endring i kassekreditt	18 220 996
<b>270</b>	<b>Netto kontantstraum frå finansieringsaktivitetar</b>	<b>2 458 436</b>
<b>Effekt av valutakursendringer på bankinnskot, kontantar o.l.</b>		
0	Netto endring i bankinnskot, kontantar o.l.	3 306 352
0	Behaldning av bankinnskot, kontantar o.l. pr. 1.1.	84 512
<b>0</b>	<b>Behaldning av bankinnskot og verdipapir o.l. pr. 31.12.</b>	<b>3 390 864</b>

# Notar til rekneskapen 2019

## Note 0 – Rekneskapsprinsipp

Årsrekneskapen er sett opp i samsvar med rekneskapslova av 1998 og god rekneskapsskikk i Norge.

Konsernet Kvam Energi AS er etablert i 2019.

Konsernrekneskapen omfattar perioden 27.9.2019 til 31.12.2019.

### Konsolideringsprinsipp

Konsernrekneskapen omfattar Kvam Energi AS med datterselskap der Kvam Energi AS har bestem-mande innflytning som følge av juridisk eller faktisk kontroll. Dette omfatter Kvam Kraftverk AS, Sekkelva Kraft AS og Kvam Energi Nett AS.

Konsernrekneskapen er utarbeidd etter einsarta rekneskapsprinsipp for like transaksjonar i alle selskapa som inngår i konsernrekneskapen. Alle vesentlege transaksjonar og mellomverande mellom selskap som inngår i konsernet er eliminert. Investeringar i selskap der konsernet har betydeleg innflyting (tilknyttet selskap) vert behandla etter eigenkapitalmetoden i konsernrekneskapen. Betydeleg innflyting føreligg normalt når konsernet eig frå 20 til 50 prosent av den stemmeberettiga kapitalen.

### Hovudregel for vurdering og klassifisering av eignelutar og gjeld

Eignelutar for varig eige eller bruk er klassifiserte som anleggsmidlar. Andre eignelutar er klassifiserte som omlaupsmidlar. Fordringar som skal attendebetalast innan eitt år er klassifiserte som omlaupsmidlar. Ved klassifisering av kortsiktig og langsiktig gjeld er tilsvarende kriteriar lagt til grunn.

Omlaupsmidlar vert vurderte til det lågaste av anskaffingskost og verkeleg verdi.

Anleggsmidlar er vurderte til anskaffingskost, men vert nedskrive til gjenvinnbart beløp dersom dette er lågare enn bokført verdi og verdifallet er forventa ikkje å vere forbigåande. Anleggsmidlar med avgrensa økonomisk levetid vert avskrive planmessig.

Anna langsiktig gjeld og kortsiktig gjeld er vurdert til pålydande beløp.

### Andre aksjar og andeler klassifisert som anleggsmidlar

Aksjar og investeringar er vurdert etter kostmetoden. Investeringane vert nedskrive til verkeleg verdi ved verdifall som er forventa ikkje å være forbigåande. Motteke utbyte frå selskapa vert inntektsført som annan finansinntekt.

### Materiallager

Materiallager er lager av rekvisita til bruk i arbeid med nettet, samt til beredskap i samband med straumbrot. Materiallager er vurdert til anskaffingskost.

### Magasinbeholdning

Magasinbeholdning er ikkje balanseført i samsvar med praksis i bransjen. Sjå nærmere om dette i note 11.

### Fordringar

Kundefordringar og andre krav vert oppførte med pålydande etter frådrag for avsetnad til forventa tap. Avsetnad til tap på krav vert gjort på grunnlag av individuell vurdering av dei einskilde krava.

### Bankinnskot, kontantar og liknande

Bankinnskot, kontantar o.l. inkluderer kontantar, bankinnskot og andre betalingsmidlar med forfallsdato som er kortare enn tre månader frå anskaffing.

### Pensjonar

Ved rekneskapsføring av pensjon er lineær oppteningsprofil og forventa

sluttløn som oppteningsgrunn-lag lagt til grunn. Estimatavvik og effekt av endra føresetnader vert amortisert over forventa attverande oppteningstid i den grad dei overstig 10 % av den største av pensjonsforpliktингane og pensjonsmidlane (korridor). Planendringar vert fordelt over attverande oppteningstid. Arbeidsgjevaravgift er inkludert i tala.

### Skattar

I tillegg til ordinære overskotsskattar, er kraftlag i samband med produksjon av kraft også pålagt natur-ressurskatt og grunnrenteskatt. Eiendomsskatt er ført som driftskostnad.

